

# HANDLINGSPLAN FOR RUSMIDDELARBEID 2020- 2024



SULA KOMMUNE



---

«Tryggleik og tilhøyre utan misbruk av rusmiddel»

K-sak 067/20

## Innholdsliste

1	MÅLSETTING.....	3
1.1	Visjon og mål for rusmiddelarbeidet i Sula kommune.....	3
1.2	Nasjonal visjon og målsetting.....	3
1.3	Lover og styringsdokument.....	3
.		
2	ANSVAR.....	4
2.1	Politisk ansvar.....	4
2.2	Administrativt ansvar.....	4
2.3	Evaluering av Handlingsplan for rusmiddelarbeid.....	5
3	RUSSITUASJONEN I SULA.....	5
3.1	Gjennomgående trekk ved russituasjonen i dag.....	5
3.2	Evaluering av rusmiddelplanen 2016-2020.....	10
4	TILTAKSOMRÅDE.....	13
4.1	Førebygging og samfunn.....	13
4.2	Byggjande tiltak overfor barn og unge.....	14
4.3	Miljø- og haldningstiltak.....	16
4.4	Behandling og omsorg.....	17
4.5	Samarbeid.....	20
5	KOMMUNAL ALKOHOLOMSETTINGSPOLITIKK.....	20
5.1	Faste sals- og skjenkeløyve.....	21
5.2	Ambulerande løyve.....	21
5.3	Utsalsstader.....	21
5.4	Kontrollutval for skjenking og omsetting av alkohol.....	22
5.5	Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve.....	22
6	ØKONOMISKE KONSEKVENSAER.....	23
.		
	VEDLEGG 1: LOVER OG STYRINGSKONTRAKTER.....	24

## 1.1 Visjon og mål for rusmiddelarbeidet i Sula kommune

### 1.1.1 Visjon

**Tryggleik og tilhøyre utan misbruk av rusmiddel**

### 1.1.2 Hovudmål

Mål for rusmiddelarbeidet i Sula er at:

- færre menneske vert skadde/sjuka på grunn av rus.
- tal på familiar med rusproblematikk går ned.
- tal på samfunnsmessige problem/skadar på grunn av rus, går ned.
- bruk av rusmiddel minkar i befolkninga.
- debutalderen i høve rus vert utsett.

Dette gjer vi ved å:

- ha hovudfokus på førebyggjande og helsefremjande tiltak.
- identifisere menneske som direkte eller indirekte er råka av eit rusproblem.
- fange opp og hjelpe barn i familiar der omsorgspersonar har rusproblem.
- ha målretta oppfølging av rusmisbrukarar.
- jobbe tverretatleg med informasjon, kompetanse, kartlegging og koordinering.
- etablere eit godt samarbeid med butikkar og skjenkestader som sel rusmiddel.

Den kommunale rusmiddelomsorga skal arbeide etter Leon-prinsippet (lågaste effektive omsorgsnivå) og følgje prinsippa i MOT.

## 1.2 Nasjonal visjon og målsetting

I [opptrappingsplanen for rusfeltet 2016 – 2020](#) er det nedfelt at; «*veksten innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal vere høgare enn for somatikk på regionnivå i spesialisthelsetenesta*».

[Pakkeforløpet](#) omtaler tilrådde prosesser for oppfølging og behandling.

Derfor er tilskot til kommunalt rusmiddelarbeid øyremerka, og fritt behandlingsval innført for pasientgruppene innanfor rusbehandling og psykisk helsevern.

Med ein visjon om *tidleg innsats*, har opptrappingsplanen følgjande fem hovudmål:

1. Sikre reell brukarmedverknad gjennom fritt behandlingsval, fleire brukarstyrte løysingar og sterkare medverknad i utforminga av tenestetilbodet.



SULA KOMMUNE

2. Sikre at personar som står i fare for å utvikle eit rusproblem skal fangast opp og få hjelp tidlig.
3. Alle skal møte eit tilgjengeleg, variert og heilskapleg tenesteapparat.
4. Alle skal ha eit aktivt og meiningsfylt tilvære
5. Utvikle og auke bruken av alternative straffereaksjonar og straffegjennomføringsformer.

[Alkoholoven](#) av 1989, sist endra i 2018, regulerer innføring og omsetting av alkoholhaldig drikk, og målsettinga er i størst mogleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Alkoholoven tar sikte på å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer.

### 1.3 Lover og styringsdokument

Kommunen er [pålagt](#) å utarbeide rusmiddelplan. Arbeidet med rusmiddel og rusmiddelproblematikk må sjåast i samanheng med andre kommunale planar som overlappar temaet. Vidare må kommunen si verksemd vere i samsvar med dei lover og forskrifter som finst på området. I tillegg kjem ulike nasjonale planar og strategiar. Vi har lista opp nokre av desse dokumenta i Vedlegg 1.

## 2 ANSVAR

### 2.1 Politisk ansvar

Det overordna ansvaret for rusmiddelarbeidet i Sula kommune ligg hos kommunestyret.

Fagutvala for helse og sosial og oppvekst har det faglege hovudansvaret for rusmiddelarbeidet.

Fagutvalet for helse og sosial er kontrollutval for skjenking og omsetting av alkohol, og har ansvaret for at lov, forskrifter og kommunale retningsliner blir følgd.

Fagutvalet for kultur og folkehelse og Fagutvalet for oppvekst, skal ta ansvar for byggjande og haldningsskapande arbeid.

### 2.2 Administrativt ansvar

For førebygging:

- *Barnehage, skule, Tiltakseining barn og unge, kommunehelsetenesta og folkehelsekoordinator* har eit særleg ansvar for å førebyggje gjennom systematisk kunnskapsformidling om kroppen, og om verknaden av rusmiddel og vinsten av god helse.



- *Barnehage og skule* har ansvar for systematisk arbeid med danning og sunne haldningar.
- *Kultureininga* har ansvar for igangsetting og drift av fritidstiltak for barn og unge, og samarbeid med frivillige organisasjonar.

For identifisering:

- *Barnehage, skule, Tiltakseining for barn og unge og kommunehelsetenesta* har ansvar for tidleg og treffsikker innsats ved bekymring. BTI satsinga (betre tverrfagleg innsats) skal bidra til å styrke kompetansen til alle tilsette i Sula kommune.
- *Kultureininga* har ansvar for å melde bekymring knytt til fritid gjennom lina.
- *NAV* har ansvar for å identifisere rusproblem hos sine brukarar.
- *Tenestene* har ansvar for å melde vidare eventuell uro for omsorgsevna til foreldre med problem.

Oppfølging:

- *NAV* har hovudansvaret for koordinering av rusmiddelarbeidet og oppfølging av rusmiddelmissbrukarar.
- *Legetenesta* har også eit ansvar for å følgje opp menneske med rusproblem.
- *Omsorgstenesta* har ansvaret for omsorgstiltak for personar med langvarige rusproblem.
- *Tiltakseining for barn og unge* vil naturleg kome i kontakt med born i familiar med rusproblem, og vil ha ansvar for oppfølging desse i samarbeid med andre instansar i kommunen.

## 2.3 Evaluering av Handlingsplan for rusmiddelarbeid

Er det behov for å evaluere handlingsplanen i perioden, skal tverrsektoriell samarbeidsgruppe for oppfølging av rusmiddelplanen (jmf. Kap. 4.5.1) ta initiativ til dette. Evalueringa skal då leggast fram som orienteringssak til rådmann og eventuelt politiske utval.

# 3 RUSSITUASJONEN I SULA

## 3.1 Gjennomgåande trekk ved russytuasjonen i dag

### 3.1.1 Kartlegging/overvaking

Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Sula Kommune, skal utarbeidast kvart fjerde år og er ei lovpålagt oppgåve. Oversikta inneheld opplysningar frå [UNGDATA](#), og er nærare omtalt i 3.1.3.

### 3.1.2 Sal og skjenking av alkohol i Sula

Pr mai 2020 har kommunen 2 landbaserte skjenkeløyver, 2 skjenkeløyver for båt og 8 salsløyver.

Tabellen under syner årleg sal og skjenking av alkohol dei siste 20 åra i kommunen. Som ein ser varierer omsetningstala frå skjenkestadane kraftig, og har samanheng med at enkelte skjenkestadar tidvis har vore utan drift.

Når det gjeld sal «over disk», vart det ei vesentleg auke frå 2007 då det vart opna for sal i daglegvarebutikkane, og nedlegging av ølmonopolet. Vinmonopolet AS opna filial i Langevåg oktober 2014.

Tabellen syner all alkoholhaldig drikk som er omsett på øya, og dokumenterer ei auke frå 87908 til 394782 vareliter dei siste 20 åra, altså meir enn ei firedobling.


Alkoholhaldig drikk gruppe 1: drikk over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol (øl)

Alkoholhaldig drikk gruppe 2: drikk over 4,7 og høgst 22 volumprosent alkohol (vin)

Alkoholhaldig drikk gruppe 3: drikk mellom 22 og høgst 60 volumprosent alkohol (brennevin)

ÅR	Skjenking gr 1	Skjenking gr 2	Skjenking gr 3	Butikksal gr 1	Vinmonopolet gr 2 og 3	TOTALT sal/skjenking
2000	12138	1776	255	73739	0	87908
2006	10051	1427	167	79421	0	91066
2012	9206	3228	989	220195	0	233618
2014	4211	1502	622	178548	19000	203883
2015	4004	2222	286	264975	66000	337487
2016	3669	1248	176	269770	72040	346903
2017	8417	2404	360	297059	81285	389525
2018	9579	2029	295	264341	84332	360576
2019	4892	2455	139	301653	85643	394782

Kjelde: Innleverte omsetningstal frå løyvehavarane og vinmonopolet.no



Sal av alkohol frå butikk og vinmonopol på landsbasis:

År	2012	2013	2014	2015	2016
Geografi					
<a href="#">Hele landet</a>	5,1	5,0	5,0	5,0	5,0
<a href="#">Møre og Romsdal</a>	4,9	4,8	4,9	4,8	4,8
Ålesund	5,2	5,1	5,1	5,0	4,9
Sykkylven	5,1	5,1	5,0	5,0	5,0
Sula	5,3	5,2	5,2	5,1	5,1
Giske	4,7	4,6	4,6	4,6	4,6

Tabellen syner tal liter rein alkohol pr innbyggjar +15 år i landet/fylket og nokre samanlikningskommunar, solgt frå butikk og vinmonopol i sist oppdatert nasjonal statistikk. Merk at omsetning frå vinmonopol registrerast på grunnlag av avstand til vinmonopol, og ikkje kor vidt det er utsalsstad i aktuell bydel/kommune. Sjølv om Sula har hatt ein nedgang frå 5,3 liter til 5,1 liter denne 5-årsperioden, ligg kommunen fortsatt over lands- og fylkessnittet.

### 3.1.3 Ungdom og rusmiddel

Det er av spesiell interesse å følgje sulaungdommen sitt tilhøve til og bruk av rusmiddel.

[UNGDATA](#) er eit verktøy som kartlegg fleire områder av ungdommane sine liv. Verktøyet gjer det mogleg å samanlikne seg med andre, og etter kvart som ein får fleire år med undersøkingar, kan ein også følgje utviklinga over tid. Sula gjennomfører Ungdataundersøking i 2020, og etter planen kvart tredje år. Undersøkinga vert foreløpig berre gjort på ungdomsskuleelevar. Det blir arbeidd med å inkludere data frå vidaregåande elevar, men det er eit viktig kriterie at elevane skal vere anonyme. Ved små antal har dette vore ei utfordring.

Som innspel til planen har Ungdomsrådet uttalt følgjande (datert 31.01.20):

*«Ungdomsrådet sitt inntrykk er at det er eit fåtal av ungdommar som røykar fast og at det er litt fleire som snusar fast. Ein ser også her ein ganske stor skilnad i ungdomsskulen kontra vidaregåande skule, ved at bruken aukar med alderen. Dei har inntrykk av at det er ein del utprøving av både røyk og snus i ungdomsskulen, men at det er få som driv med det fast. I ungdomsskulen ser det ut til å vere ein trend med «vape» for tida, altså bruken av elektroniske sigarettar. Dette verkar til å avta meir no i vidaregåande.*

*Ungdomsrådet meiner vidare at utprøving av alkohol er vanleg i slutten av ungdomsskulen hos enkelte, og at det er relativt vanleg å bruke alkohol når ein startar på vidaregåande. Dei har inntrykk av at det er mange som startar med å gå på fest i helgene på vidaregåande, men at dette også aukar i frekvens med alderen. I disse tider seier ungdomsrådet at det ikkje er vanskeleg å få tak i rusmiddel, så lenge ein har pengar til det. Heimbrent er svært sjeldan at rådet høyrer noko om i det heile tatt.*

*Bruk av cannabis høyrer dei svært lite om i ungdomsskulen, men meiner det er fleire på vidaregåande som har prøvd det eller brukar det regelmessig. Rådet er ikkje sikker på korleis det er med ungdommar frå Sula kontra i kommunane rundt. Dei er også relativt sikre på at det fortsatt er eit fåtal av grupperingar som nyttar cannabis. På spørsmål om dei trur det er enkelt å skaffe cannabis svarar ungdommane bekreftande. I forhold til andre rusmiddel (som f.eks MDMA og LSD) meiner rådet at dette også er i omløp i ungdomsmiljøa, men at det er lite av det. Når det gjeld eldre ungdommar har rådet inntrykk av at ein del av dei som går på fest og brukar alkohol også nyttar både snus, sigarettar og cannabis i denne samanhengen, sjølv om det ikkje er noko dei driv med til vanleg. Rådet meiner at både ungdomsskulen og vidaregåande skule har god nytte av førebyggjande tiltak i form av faktabaserte foredrag om bruken og effekten av ulike rusmiddel. Dette er noko rådet kunne tenke seg at det var meir av i skulen».*

### 3.1.4 Rusmisbruk

Når det gjeld rusmisbruk og bruk av illegale rusmiddel, er det vanskeleg å ha sikre tal på dette. Her er det mørketal, men ulike instansar som er i kontakt med grupper og individ som rusar seg, har gitt sitt inntrykk av situasjonen.

NAV melder følgjande:

Mellom 25 – 30 personar har oppfølging for rusproblem ved NAV. Av desse er ca 90% menn, 30% er under 30 år og 45% er i arbeid eller har arbeidsretta oppfølging, I tillegg har 70% vedtak på koordinerte tenester etter Helse- og omsorgslova. Rusmisbrukarar opplyser at det er lett å skaffe det ein måtte ønske av rusmiddel i Sula. I tillegg ser ein også blandingsmisbruk.

Barnevernet melder følgjande:

Av dei 143 barna barnevernet er i kontakt med, er det pr 25.03.20, 15 barn der ein ser ei tilknytning til rusproblematikk. Dette gjeld rusproblematikk hos føresette. I tillegg har vi 5 ungdommar på ettervern som har utfordringar med rusmidlar.

*Oppfølgingstenesta for vidaregåande skular stadfestar at det finnest ungdom i Sula under 18 med rusproblem, men det må understrekast at dette er eit lavt tal.*

Politiet melder følgjande:


- Vi høyrer framleis om heimebrenning, men dette skjer framleis i mindre skala. Heimebrygging av øl er meir vanleg, og har vorte ein populær aktivitet dei seinaste åra.
- Rusmiljøa skrid på tvers av kommunale grenser, og nokon miljø kan ha store geografiske omfang.
- Data frå Kripos peikar på at narkotiske stoff dei seinaste åra har hatt ein betydeleg auke i styrkegrad, noko som aukar risikoen for overdosar. Her vil særleg syntetiske narkotiske stoff utgjere ein risiko.
- I perioda 01.01.2016 – 01.01.2020 vart innbyggjarar i Sula registrert med:
  - 148 narkotikasaker





SULA KOMMUNE

- Av desse vart 3 koda som grove
  - 65 saker på køyring i påverka/berusa tilstand
  - 3 saker på doping



- 1. kvartal i 2020 vart det registrert:
  - 5 saker på køyring i påverka/berusa tilstand
  - 4 narkotikasaker
- Politiet er uroleg for risikoen knytt til den høge førekkomsten av køyring i påverka/berusa tilstand, då skadepotensialet er svært høgt.
- Politiet har ikkje oversikt over det totale talet på rusmisbrukarar som bur på Sula. I den valde perioden var dei 216 sakene begått av 102 separate personar, og 12 stk var 18 år eller yngre då gjerninga vart begått. Då dette berre gir talet på registrerte tilfelle, er det sannsynleg at det finst skuggetal på forhold som ikkje har hamna i søkelyset til politiet.

Tal på køyring i påverka/berusa tilstand viser at det framleis er behov for haldningsskapande førebyggjande arbeid på dette feltet. I snitt 16 saker i året, ei auke på 1 sak i året frå 2015. I snitt 37 narkotikasaker i året utgjer ei auke på 12 saker i året frå 2015. Av kriminalitetsstatistikken kan ein sjå at det er ein låg andel unge som brukar rusmiddel i Sula.

*Heimetenesta* melder følgjande:

- Ein ser problematikk med rus kvar veke hos klientar, dette gjeld også nære familiemedlemmer.
- Medikamentmisbruk er meir vanleg enn alkoholmisbruk. Ein del eldre overforbrukar medikament som Sobril og liknande.
- I enkelte tilfelle har ein måtta ta sterkare kontroll på medisindelinga, for å hindre at pårørande forsyner seg av dei.



- Heimetenester til menneske som har eit omsorgsbehov på grunn av langvarig rusbruk er aukande.

#### Legekontoret:

Grunna situasjonen kring Covid-19 har det ikkje vore prioritert å få utarbeidd statistikkgrunnlag frå legetenesta knytt til rus i denne rulleringa. Dette vil venteleg bli fanga opp i samband med folkehelsearbeidet.

### 3.1.5 Ressursbruk i Sula

KOSTRA	Sula	Sula	Giske	Haram	Ålesund	<a href="#">K.gr-7</a>	M&R	Noreg
	2019	2018	2018	2018	2018	2018	2018	2018
Tilbod til personar med rusproblem*								
Netto driftsutgifter pr innbyggjar	236	230	238	445	747	287	359	471
Andel driftsutgifter av total utgift NAV-sosial	21,2	20,1	13,3	20,9	22,6	9,7	11	12,4

\* *Kostratala finn ein ved å gå inn på Statistisk sentralbyrå sine nettsider. KOSTRA er årleg innrapportert statistikk over kommunal og statleg verksemd og ressursbruk.*

Når ein samanliknar kommunane imellom, må ein ta omsyn til at ulik organisering kan spele inn på kommunen sin innsats til rusfeltet rapportert i Kostra. Tala syner NAV sin direkte innsats i høve rusmisbrukarar. Andre faginstansar driv også rusarbeid, som ikkje førast over NAV sitt kapittel. Døme på dette er helse, omsorg, oppvekst, kultur og frivillige organisasjonar.

## 3.2 Evaluering av rusmiddelplanen 2016- 2020

Under er det sett opp ei skjematisk evaluering av måloppnåinga i perioden 2016 – 2020.

Fleire av måla og tiltaka er vanskeleg å kvantifisere/dokumentere, og er meir å forstå som ei ynskja utvikling.

Mål for rusmiddelarbeidet er at:	Måloppnåing:
Færre menneske vert skadde/sjuka på grunn av rus.	Det er ingenting som tydar på at færre vert skadde/sjuka på grunn av rus i Sula, tala indikerer det motsette, men sidan talgrunnlaget er såpass upåliteleg, så må desse tolkast med varsemd.
Tal på familiar med rusproblematikk går ned.	Ut frå tidligare registreringar synast dette å vere stabilt. Men her er det mørketal, og faktagrunnlaget må seiast å vere sviktande.
Tal på samfunnsmessige problem/skadar på grunn av rus, går ned.	Heimetenestene melder om ei auke i talet på personar med behov for hjelp og pleie grunna langvarig rusmisbruk.

Bruk av rusmiddel minkar i befolkninga.	Alt tyder på at rusmiddelbruken i den vaksne delen av befolkninga auker, men ein ser ikkje for seg lokale tiltak som kan avgrense denne utviklinga.
Debutalderen i høve rus vert utsett.	Mykje kan tyde på at debutalderen i høve rus er utsett. Dette er trenden i landet, men også for Sula.

Under er det sett opp ei skjematisk statusevaluering av alle tiltak i planperioden 2016 til 2020:

Tiltak:	Status:
MOT. Haldningsskapande satsing sidan 2002 med forankring i ungdomsskulen.	MOT-satsinga held fram, og har utvida satsinga til å bli kommunen som samfunnsbygger.
Ungdomsråd.	Ungdomsrådet består av 14 jenter/gutar i alder 13-20 år frå ulike miljø. Dei er svært aktive og etterspurde. Dei føler dei har reell innverknad og føler seg høyrde. Blir vurdert å vere svært vellukka.
Haldningsskapande arbeid i skulen (Steg for steg, Lions Quest, MOT og FRI).	Kommunen og private aktørar har vidareført satsinga på desse programma i heile perioden.
Rusmiddelfritt tilbod i kommunal regi – Fritidsklubb.	Open måndag og onsdag 19.00-22.00 med utvida tilbod frå kl 14.30 onsdagar (middag, leksegruppe), Måndag 16-19 for 7. trinnet Svært godt besøkt.
Tilbod for ungdom ved særskilte «festdagar».	Ingen helgar, men særskilte dagar.
Rusmiddelfritt miljø i dei frivillige organisasjonane.	Vi har over 100 lag og organisasjonar i kommunen, desse tilbyr rusfrie aktivitetar.
Helsestasjon	Etablert Helsestasjon for ungdom i løpet av planperioden. Her er både lege, helsesjuka-pleiarar og psykiatrisk sjukepleiar med, og det er åpent kvar måndag på ettermiddagstid. Tilbodet er blitt meir besøkt etter marknadsføring gjennom sosiale media.
Skulehelseteneste for barn og unge.	Helsesjuka-pleiar har full stilling på ungdomsskulen, og psykiatrisk sjukepleiar to dagar i veka. Barneskulane har helsesjuka-pleiar i tråd med norma frå Helsedirektoratet.
Rusmiddelkonferanse.	Temadag ved Sula-U. Jf vedleggsdelen *)
Oppfølging av opplysnings- og haldningskampanjar.	Gjennomført.

Kompetanse på rusfeltet.	Tilsette ved NAV og HBO har tatt vidareutdanning innan rusarbeid.
Arrangement i kommunal regi.	Alle arrangement i kommunal regi er rusfrie.
Ansvarlig Vertskap	Blir gjennomført for nye løyvehavarar/styrarar/tilsette i skjenkebransjen, i samarbeid med Ålesund, samt digitalt kurstilbod på heimesida vår.
Målretta oppfølging gjennom NAV.	Oppfølging av rusmisbrukarar er systematisk og målretta.
Oppfølging av gravide med rusproblem.	«Trygg start» er etablert som lavterskel tilbod ved helsestasjonen. Tilbodet er mellom anna til familiar med rus og psykiske utfordringar. Her får familiar oppfølging frå graviditeten og ved behov til barnet er to år. I Trygg start er arbeidet fordelt på to helsesjukepleiarar i til saman 40 % stilling, og Jordmor i 20 % stilling. Elles samarbeid med relevante instansar.
Fange opp born som bur i familiar med rusproblem.	Gjennom <i>Brukerplan</i> har kommunen i 2019 registrert brukarar med rusproblem og psykiatri. Her kom det fram at 100 barn lever i familiar med rus eller psykiatri i Sula kommune. Tilsvarande registrering vil bli gjort ila 2020. <i>Bapp gruppene</i> , er eit tilbod til barn av foreldre med rus eller psykiske lidningar. Med tanke på tal barn registrert i brukerplan, er det eit tankekors at ein sliter med deltakinga.
Individuell plan og koordinerte tenester for personar med eit rusproblem som krev langvarige og koordinerte tenester.	IP og aktivitetsplan blir brukt dersom vilkåra er til stades, og vedkommande ynskjer det.
Utekontakt.	Driv aktivt oppsøkande arbeid. 2 stillingar a 50%.
Bustadar for personar med rusproblem.	Mangel på husvære kan tidvis vere ei utfordring, men ikkje på det jamne.
Heimeteneste for personar med rusproblem i samarbeid mellom NAV og HBO.	Tilsett prosjektstilling/ruskonsulent for å styrke oppfølging av rusmisbrukarar, primært i heimetenesta.
Primærhelseteneste og rusproblematikk.	Vedkommande sin fastlege i tett samarbeid med andre relevante instansar følger opp.
Institusjonsopphald/behandling/rehabilitering.	Her er det viktig å ha tilstrekkeleg ressursar til oppfølging under heile prosessen, ikkje minst i den kritiske fasen etter avslutta behandling.
Interkommunalt samarbeid	Sula kommune deltek i interkommunale samarbeidsfora på rus- og psykiatriområdet.

Brukarmedverknad.	Brukarundersøking gjennomført i perioden. Brukarforum i NAV-regi nedlagt grunna manglande interesse. IP sikrer involvering.
Barnevern og NAV	Samarbeidsmøter for å fange opp familiar med rusproblematikk.

Fleire av tiltaka vidareførast og inngår som ein naturleg del av tenestetilboda til kommunen, men er lista opp her slik at ein kan få gjort opp status minimum ved kvar rullering.

Måla som er sett for planen er ikkje ideelle når det kjem til kva som er målbart, men er meir å sjå på som ei *ynskja utvikling*, eller *val av retning* i kommunen sitt rusmiddelarbeid.

Tiltaka er ikkje uttømande, og ein må også ta med at det vert lagt ned ein stor innsats frå dei frivillige laga og organisasjonane i kommunen, og då i særleg grad inn mot dei yngre aldersgruppene. Denne innsatsen mot dei «breieare laga», er heilt naudsynt for at kommunen skal kunne konsentrere sine ressursar, og rigge sine tiltak inn mot sårbare grupper.

## 4 TILTAKSOMRÅDE

### 4.1 Førebygging og samfunn

I den overordna kommuneplanen for Sula er førebyggjande arbeid og folkehelseaspektet understreka som eit hovudutgangspunkt. Ein skal drive konkrete førebyggjande tiltak, men like viktig er det å støtte under dei delane av samfunnet som skapar ”tryggleik og tilhøyre utan misbruk av rusmiddel” (sjå visjonen for denne planen).

Vi vil i det følgjande nemne nokre døme på dei områda der Sula kommune er med og byggjer opp under eit robust samfunn som gir innbyggjarane positive arenaer å utfalde seg på, og som kan førebygge rusmisbruk og sosial mistilpassing:

- Arbeidet med MOT
- Kommunen har gitt støtte til fleire kunstgrasbaner. Desse er vrimleplass for hundrevis av ungar og ungdommar. Stor aktivitet heile kveldane og i helgane. Kommunen har satsa på nærmiljøanlegg på ungdomsskulen, Solevåg skule og Langevåg skule
- Kommunestyret har nyleg vedteke ordning med kommunal garanti for investeringar for lag og organisasjonar slik at dei kan få gunstigare finansiering.
- Ny fleirbrukshall i Solevåg. Vi har god halldekning samanlikna med mange nabokommunar og landet. Ny Fleirbrukshall er under planlegging på Rørstadmarka.
- Kulturskulen har fått gode arbeidsvilkår, tett integrert i nye Langevåg skule.
- Musikkbingane. Ein bingje er flytta til Langevåg skule for å vere ein del av nærmiljøet der barn/unge held til på dag/ettermiddag- og kveldstid.



SULA KOMMUNE

- Kommunen er med å legg til rette for at mange skal bruke naturen rundt oss, og at desse haldningane skal gå i arv til nye generasjonar. Mellom anna engasjerer StikkUT! mange barn og unge.
- Sula kommune prøver etter evne å støtte opp under og samarbeide med eit rikt lags- og organisasjonsliv som vi er så heldige å ha i kommunen. Den innsatsen som vert gjort i desse laga og organisasjonane kan ikkje overvurderast.

Sula Kommune vil fortsette samarbeidet med fylkeskommunen om God Helse. Dette er eit strategisk samarbeid for å utvikle folkehelsearbeidet i fylket, gjennom å medverke til ei samfunnsutvikling som fremmar god helse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Sula kommune har tilsett folkehelsekoordinator i 50 % stilling.

Denne lista er ikkje utfyllande. Poenget er at kommunen har eit rikt spekter av sunne aktivitetar å tilby, både for unge og eldre. I tillegg til dette har vi dei særskilt byggjande tiltaka for barn og unge. Desse er omtalt frå kap 4.2 og utover. Ein kan lese meir om tilhøvet mellom førebygging og samfunn i Vedlegg 2.

## 4.2 Byggjande tiltak overfor barn og unge

### 4.2.1 MOT

Sula kommune vart **MOT**-kommune i 2002 og har per dato 8 utdanna coacher. Sula kommune underteikna ny avtale i 2019, og programmet heiter no «kommunen som samfunnsbygger» med fokus på ungdom i aldersgruppa 12-16.

- MOT skal besøke ungdomsskuleelevane i alt 15 gongar frå 8. klasse til 10. klasse.
- MOT skal vere ein integrert del av ungdomsskulen sitt haldningsskapande arbeid.
- Foreldre deltek på informasjons- og haldningsskapande møte i 8. og 10. klasse.
- Elevar frå niande klasse får høve til å søke om å bli ungmotivator, dvs at desse får ei opplæring i MOT programmet og reiser rundt på barneskulane og har eit eige MOT- opplegg for 7. klasse saman med ein coach.
- I tillegg til å drive haldningsskapande arbeid i skulen, skal MOT vere aktivt med på fritidsarenaer.
- For å måle effekten av MOT skal det i samarbeid med UNGDATA gjennomførast spørjeundersøkingar. MOT har eigen årleg undersøking for 10. klassingar.

Ansvarleg: *Oppvekst, Kultur*

### 4.2.2 Ungdomsråd

[Ungdomsrådet](#) vart danna i januar 2002 og er samansett av ungdom frå ulike miljø.

Rådet er ungdomane sitt talerøyr i kommunen og har fast sete i kommunestyret med talerett. Ungdomsrådet arbeider førebyggjande og



SULA KOMMUNE

arrangerer eller deltek aktivt i rusfrie tilbud, som t.d. UKM, 16. mai-arrangement, natt til 1. mai, konsertar, Suladagane, og Dataparty/LAN og andre kulturtiltak for ungdom. Ungdomsrådet har fast sete i Kommunestyret, med talerett, og har ofte fått gjennom tiltak for barn og unge.

Det er tilsett sekretær for ungdomsrådet i 10% stilling.

*Ansvarleg: Kultur*

#### 4.2.3 Haldningsskapande arbeid i skular og barnehagar

Ein faktor i førebyggjande arbeid, er kunnskap om kroppen og om korleis misbruk av rusmiddel verkar inn på og skadar helsa. Rammeplanen og Kunnskapsløftet definerer kunnskapsmål som ligg til grunn for eit systematisk arbeid med dette i barnehage og skule. Skulane nyttar ulike program i samband med sosial læring (Steg for steg, Lions Quest og MOT og FRI på ungdomsskulen).

*Ansvarleg: Oppvekst*

#### 4.2.4 Rusmiddelfritt tilbud i kommunal regi – fritidsklubb

Det er eit mål å oppretthalde og styrke den kommunale fritidsklubben for ungdom (13 - 18 år).

Fritidsklubben er i seg sjølv eit rusførebyggjande tiltak. Fritidsklubben gir uorgansiert ungdom ein rusfri møteplass under oppsyn av vaksne. På den måten kan klubben motverke større ansamlingar av ungdom utandørs eller i privat regi med rusbruk, hæververk og anna risikofyllt atferd. I tillegg er fritidsklubben medspelar i rusmiddeltiltak retta mot ungdom som t.d. ved arrangement og kampanjar. Haldningar og konkrete tiltak har ein klar rusfri profil. I det førebyggjande arbeidet drar kommunen nytte av kontakflata klubben representerer, samstundes som fritidsklubben får konkrete oppgåver og synleggjer den rusfrie haldninga klubben og kommunen står for, mellom anna gjennom MOT.

*Ansvarleg: Kultur*

#### 4.2.5 Haldningsskapande arbeid mot overdriven bruk av data- og nettspel

Det skal i barne- og ungdomsskule arbeidast med opplysning og haldningsskapande arbeid om skadeverknader ved overdriven bruk av data- og nettspel. Foreldre skal involverast i dette arbeidet, til dømes gjennom samarbeid med FAU.

*Ansvarleg: Oppvekst*

#### 4.2.6 Tiltak for ungdom ved særskilte "festdagar"

Rusmiddelproblema blant ungdom kjem sterkast til syne i helgane og ved spesielle dagar, som t.d. nyttårsaftan, 1. mai, 16. mai og St. Hans. Det er få



SULA KOMMUNE

møteplassar for uorganisert ungdom og ungdommane sjølve etterlyser ein stad å vere. Fritidsklubben og utekontakten skal fortsatt ha årlege rusfrie arrangement på nokre av desse dagane.

*Ansvarleg: Kultur*

#### 4.2.7 Rusmiddelfritt miljø i dei frivillige organisasjonane

Eventuell skjenking av alkohol i lagshus skal skje med heimel i eit skjenkeløyve eller ambulerande skjenkeløyve. Rusmiddelfrie arrangement er eitt av kriteria for å få kommunale kulturmidlar. Sula kommune bør oppmode om at alle arrangement i regi av frivillige lag og oranisasjonar, der born og unge deltek, er rusfrie (rusmiddelfrie soner).

*Ansvarleg: Helse og sosial, Kultur*

#### 4.2.8 Helsestasjon og fastlege

Lege og jordmor tar opp rusbruk tidleg i svangerskapet. Helsesjukepleiarane tek opp temaet alkohol med alle foreldre på heimebesøk etter fødsel, fleire gongar gjennom første leveår. Det er stor bevisstheit blant både gravide og spedbarnsforeldre å halde seg fri frå all slags rus i denne livsfasa. Dersom helsesjukepleiar eller fastlege opplever at her kan det vere eit rusproblem, så snakkar ein meir inngåande om det og å tar opp temaet rus. Da blir det eit tettare samarbeid mellom faggruppene og foreldra. Det gjeld Helsestasjonen, Legetenesta, Nav, Barnevern og eventuelle behandlingstusjonar. Tiltakseining for barn og unge driv også med ICDP grupper og Cos grupper der dette også er tema som blir tatt opp.

*Ansvarleg: Helse og sosial, Oppvekst*

#### 4.2.9 Skulehelseteneste for barn og unge

Alle ungdomsskuleelevar får i åttande klasse ein helsesamtale med skulehelsesjukepleiar, der eitt av tema er eleven si haldning til rus.

*Ansvarleg: Oppvekst, Helse og sosial*

#### 4.2.10 Helsestasjon for ungdom

Helsestasjon for ungdom vart oppretta hausten 2014.

Opningstid følgjer skuleåret. Ope kvar måndag frå 15.30 - 17.00. To helsesøstre deler måndagane mellom seg, i tillegg til lege i 5% stilling.

*Ansvarleg: Oppvekst, Helse og sosial.*

### 4.3 Miljø- og haldningstiltak

#### 4.3.1 Rusmiddelkonferanse





SULA KOMMUNE

Vurdere ein rusmiddelkonferanse i kvar kommunevalperiode for folkevalde, offentleg tilsette, ungdom og aktuelle organisasjonar. Setje søkjelyset på rusmiddelproblematikken lokalt og kva som blir gjort/bør gjerast.

*Ansvarleg: Folkehelsekoordinator i samråd med Rådmannen*

#### 4.3.2 Oppfølging av opplysnings- og haldningskampanjar

Lokal oppfølging av statlege og evt. andre opplysnings- og haldningskampanjar, herunder [Verdas røykfrie dag 31. mai](#)

*Ansvarleg: Kultur, Oppvekst, Helse og sosial, folkehelsekoordinator*

#### 4.3.3 Kompetanse på rusfeltet

Kommunen bør til ei kvar tid ha tilsette som har tilleggsutdanning eller spesiell kompetanse innan rusfeltet, særleg gjeld dette NAV som har eit spesielt koordinerande ansvar. Elles gjennomføre målretta kurs og opplæringsiltak retta mot yrkesgrupper innafor alle sektorar som møter rusproblematikk i sitt arbeid. Aktuelle tiltak må takast med i sektorane sine opplæringsplanar og i kommunen sin totale opplæringsplan.

*Ansvarleg: Rådmannen*

#### 4.3.4 Arrangement i kommunal regi

Alle offentlege tilstellingar i kommunal regi skal vere alkoholfrie.

*Ansvarleg: Rådmannen*

#### 4.3.5 Ansvarlig Vertskap

Sula kommune samarbeider med Ålesund kommune om "Ansvarlig Vertskap". E-læringskurs i regi av helsedirektoratet og Korus Øst ligg også tilgjengelig på kommunen si heimeside.

*Ansvarleg: Rådmannen*

### 4.4 Behandling og omsorg

#### 4.4.1 Målretta oppfølging gjennom NAV

For dei fleste er det eit mål å kome i arbeid og få inntekt. Alle rusavhengige som er motiverte for å kome ut av rusmisbruket sitt vil få tilbod om behandling, helseretta og/eller yrkesretta tiltak og kan få avklart arbeidsevna si. Alle som er under arbeidsavklaring i NAV har ein aktivitetsplan. Den enkelte får gjennom avklaring og målretta oppfølging betra livskvaliteten sin når det gjeld fleire sosiale tilhøve som arbeid, økonomi og bustad.

Gjennom kontakt, bekymringsmeldingar og samtalar med brukarar og pårørande skal ein fange opp personar og familiar med rusproblem. Formidle tilbod om hjelpetiltak og gi råd og rettleiing. Så tidleg som råd motivere den



SULA KOMMUNE

rusavhengige for behandling og aktivt følgje han opp med støtte og hjelp til å halde oppe motivasjonen for å bli rusfri.

Dersom hjelpetiltak ikkje er tilstrekkeleg, kan NAV vurdere bruk av tvang. NAV har plikt til å vurdere bruk av tvang etter melding frå pårørande.

*Ansvarleg: Helse og sosial*

#### 4.4.2 Oppfølging av gravide med rusmiddelproblem

Sentralt i oppfølginga av gravide rusmisbrukarar er eit godt samarbeid mellom fastlege, jordmor, Nav og barnevernet. Den gravide vert henvist evt. etter samtykke til [ROP-team](#) og Kvinneklinikken. I enkelte saker er det behov for urinprøvetaking for å avdekke rusmisbruk. Dersom det er behov for det, bør ein tilby innlegging i institusjon for å hindre eller avgrense helseskade på det ufødde barnet. Når lova sine vilkår er oppfylte, skal ein vurdere tvangsinnlegging dersom det ikkje er mogleg med frivillig innlegging. «Trygg start» og helsestasjonen som samarbeidspart.

*Ansvarleg: Helse og sosial*

#### 4.4.3 Fange opp born som bur i familiar med rusproblem

Det er særleg viktig å vere merksam på born som bur i familiar med rusproblem og at hjelpeapparatet i samarbeid kan finne fram til tiltak som kan hjelpe desse borna og familiare. Alle i det offentlege som kjem i kontakt med barn skal hindre at deira utvikling kjem til skade. Barnehagen/skulen/PPT, primærhelsetenesta, NAV og barneverntenesta har eit særleg ansvar for å sjå desse borna og å gjere noko. Jfr. BTI satsinga i kommunen.

Det er utarbeida rutine som forpliktar alt helsepersonell i kommunen til å kartlegge om brukarar med rus og psykiske vanskar har omsorgsansvar. Dersom dei har det skal det fyllast ut eitt skjema for kvart barn. Rutina ligg i RISK

*Ansvarleg: Oppvekst, Helse og sosial*

#### 4.4.4 BAPP-grupper

BAPP-modellen er eit førebyggjande tilbod til born mellom 8-12 år som (i hovudsak) har foreldre som har psykiske problem og/eller rusproblem. Tilbodet vert gitt i familien sitt lokalmiljø. Personell som arbeidar nær familiare, rekrutterer, føretekk heimebesøk og leiar barnegruppe og foreldresamlingar.

*Ansvarleg: Oppvekst*

#### 4.4.5 Individuell plan/koordinerte tenester

Personar over 18 år med rusproblem som har behov for langvarige og koordinerte tenester, har rett til å få utarbeidd individuell plan dersom dei ønskjer det. Dei som har arbeidsretta oppfølging har aktivitetsplan som ofte erstattar behovet for individuell plan. NAV har eit særskilt ansvar for å koordinere tiltak for rusmisbrukarar.



SULA KOMMUNE

Samarbeid med primærhelseteneste, tannhelseteneste, rusteam og institusjon/behandlingsinstans, er ein føresetnad for å gi den som vil ut av misbruket god oppfølging. Det er utarbeidd nasjonale retningslinjer for pakkeforløpet.

*Ansvarleg: Helse og sosial*

#### 4.4.6 Utekontakt

Utekontakten er verken eit kulturtilbod eller eit behandlingstilbod, men eit viktig kontakt- og formidlingsledd i skjeringspunktet mellom desse. Utekontakten skal vere både vaksenkontakt og rollemodell for ungdom på deira eigen arena. Arbeidet krev m.a. samarbeid med barnevern og helsestasjon. Utekontakten sitt tilbod er organisert gjennom oppsøkande arbeid. Tiltaka er m.a. heimebesøk, utflukt/samkome med utsett ungdom, leksehjelp i samarbeid med ungdomsskulen og skulehelsetenesta, hjelp med å kontakte dei rette instansane. Utekontakten er aktive i ungdomsmiljøet og har brei kontaktflate. Mykje av utekontakten sitt arbeid går til aktivt MOT-arbeid i ungdomsskulen.

*Ansvarleg: Kultur*

#### 4.4.7 Bustader for personar med rusproblem

Å skaffe bustader for langtkomne rusmisbrukarar kan vere ei utfordring. Bustadkontoret, NAV og heimetenesta samarbeider for å finne eigna bustadløyningar. Ved behov kan det i tillegg til husleigekontrakta opprettast individuell særavtale mellom den rusavhengige og kommunen, med tett oppfølging frå NAV/heimetenesta. Enkelte får tilbod om rettleiing når det gjeld å meistre busituasjonen gjennom tiltaket «Buløftet».

*Ansvarleg: Helse og sosial, Teknisk sektor*

#### 4.4.8 Heimetenester for personar med rusproblem

Tilfredsstillande og tilrettelagde heimetenester for personar med rusproblem bør oppretthaldast gjennom godt samarbeid mellom NAV og heimetenestene.

*Ansvarleg: Helse og sosial*

#### 4.4.9 Primærhelseteneste og rusmiddelproblematikk

Fastlegar kjem jamleg i kontakt med pasientar med ulike former for rusproblematikk og direkte/indirekte følgjer av dette. Det er sjølvstendig viktig å fange opp denne problematikken så tidleg som mogleg og aktivt prøve å motivere pasientar for ulike tiltak. Aktuelt her er mellom anna: samtalar, medikamentell hjelp og oppfølging gjennom LAR (legemiddelassistert rehabilitering) hjå tunge rusmisbrukarar. Det er viktig å henvise ved behov til ulike tilbod tilgjengelig ifrå 2.linjetenesta. Her er mellom anna:



SULA KOMMUNE

- ROP-team: Tilbyr tverrfagleg spesialisert behandling (TSB) av rus- og avhengigheitsproblematikk for pasientar frå og med 18 år. [ROP-team Møre og Romsdal](#) driv også gruppebehandling for menn med alkoholproblem (40 år+), samt for vaksne pårørande (vaksne barn av foreldre med rusmisbruk). Teamet har også ein ambulerande funksjon.
- PUT: Psyk. Pol har også ein integrert psykiatrisk ungdomsfunksjon der rusteam kan ta imot pasientar frå og med 15 år som enten lever i rusmisbruk eller lever i høg risiko for å utvikle eige rusmisbruk.
- Ålesund behandlingssenter har poliklinisk oppfølging av pasientar med akutt og kronisk rusproblematikk, samt innlegging ved sengepost ved senteret der det er behov for lengre døgnopphald.

Sula kommune har tilsett ein kommunepsykolog som også skal jobbe tett inn imot denne pasientgruppa i samarbeid med fastlegane.

*Ansvarleg: Helse og sosial*

#### 4.4.10 Institusjonsopphald/behandling/rehabilitering

Det er viktig at ein utviklar gode samarbeidsrutinar når det gjeld:

- Melding om opphald/behandling
- Ansvarsgruppe/individuell plan
- Innlegging/utskrivning
- Oppfølging før, under og etter behandling, jfr. pakkeforløpet

*Ansvarleg: Helse og sosial*

#### 4.4.11 Oppfølging av LAR – brukarar

Rusmisbrukarar som er søkt inn til LAR (legemiddelassistert rehabilitering), får oppfølging av NAV og heimetenesta i tråd med gjeldande retningslinjer.

*Ansvarleg: Helse og sosial*

### 4.5 Samarbeid

#### 4.5.1 Tverrsektoriell samarbeidsgruppe for oppfølging av rusmiddelplanen

Ei tverrsektoriell arbeidsgruppe bør ha ansvaret for å følgje opp rusmiddelplanen. Mange tiltak krev samarbeid og samordning, og det blir gruppa si oppgåve å ta hand om dette. Gruppa skal ikkje berre tenke samarbeid mellom sektorane, men også i forhold til skulane, organisasjonane og politietaten.

*Ansvarleg: Rådmannen*

#### 4.5.2 Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid om rusmiddelarbeidet er viktig, og Sula kommune bør være representert der det er aktuelt.

*Ansvarleg: Rådmannen*

#### 4.5.3 Brukarmedverknad

Ein vil arbeide for at brukarperspektivet er representert i arbeidet mot misbruk av rusmiddel, og gjennomføre brukarundersøking gjennom Betre kommuneverktøyet.

Ansvarleg: Alle

## 5 KOMMUNAL ALKOHOLOMSETTINGSPOLITIKK

I forskrifta til alkoholloven er følgjande definisjon for alkoholhaldig drikk lagt til grunn:

*Alkoholhaldig drikk gruppe 1:* drikk over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol  
*Alkoholhaldig drikk gruppe 2:* drikk over 4,7 og høgst 22 volumprosent alkohol  
*Alkoholhaldig drikk gruppe 3:* drikk mellom 22 og høgst 60 volumprosent alkohol

I medhald av alkoholloven skal kommunen gjennom sin alkoholpolitikk avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan føre til.

Sula kommunestyre bestemmer til ei kvar tid kven som får løyve til sal- og skjenking av alkohol i kommunen.

Ved vurdering av om løyve bør gjevast, skal det blant anna leggast vekt på tal sals- og skjenkestader, staden sin karakter, plassering, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet elles.

Sals- og skjenkestadane skal kontrollerast i tråd med alkohollova. Ved brot skal det sanksjonrast med prikktildeling, jf. [§10](#) i forskrift til alkohollova.

Løyvehavarane plikter å delta i opplæring, dersom kommunen slutter seg til relevante prosjekt innanfor ansvarlig alkoholhandtering.

### 5.1 Faste sals- og skjenkeløyve

1. Faste sals- og skjenkeløyve blir normalt tildelt utan tidsavgrensing, men er underlagt kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer til ei kvar tid.



SULA KOMMUNE

2. Søknader blir avgjort av kommunestyret etter uttale frå politiet og helse- og sosialsektoren. Nærare vilkår for løyve blir fastsett i kvart høve med grunnlag i reglane i alkohollovgivinga.
3. Avgjerd om tildeling av løyve, vesentleg endring av løyve og fastsetjing av sals- og skjenketider skal avgjerast av kommunestyret sjølv.

Alle andre avgjerder som kan delegerast etter alkoholloven, skal delegerast til rådmannen.

## 5.2 Ambulerande løyve

I Sula kommune er det oppretta ambulerande løyve for alkoholhaldig drikk i varegruppene 1, 2 og 3.

1. Ambulerande skjenkeløyve kan tildelast arrangement på stader som er godkjende for eit enkelt høve for deltakarar i **slutta lag**, jf alkoholloven § 4-5.
2. Ambulerande skjenkeløyve kan tildelast arrangement på stader som er godkjende for eit enkelt høve, og som er **ope for ålmenta**, jfr. Alkohollova §§ 1.6 andre ledd, og 4-2 tredje og fjerde ledd.
3. Ambulerande salsløyve for eigenprodusert alkohol i varegruppe 1 kan tildelast for eit enkelt høve, til produsentar/bryggeri med godkjent statlig tilvirkingsløyve, og som kan dokumentere bestått kunnskapssprøve i alkohollova.

## 5.3 Utsalsstader

Vinmonopolet har einerett til sal av alkoholhaldig drikk over 4,7 volumprosent alkohol.

Sal av alkoholhaldig drikk i varegruppe 1, inntil 4,7 volumprosent, kan skje frå eige utsal eller frå daglegvarebutikkar, og innanfor maksimaltidene i kap. 3 i alkohollova.

Bryggeri:

Fast løyve til sal av alkohol frå eigen produksjon/lokalt bryggeri direkte til forbrukar, kan bli gitt på grunnlag av godkjent statlig tilvirkingsløyve.

Netthandel:

Sal av alkohol i varegruppe 1 via netthandel kan skje innanfor kommunen sine salstider for alkohol, dersom utlevering til kunde blir gjort frå

- a) eige utsal med kommunalt salsløyve
- b) daglegvarebutikk med kommunalt salsløyve
- c) postkontor eller post i butikk, på dei vilkår som er gjort gjeldande for Vinmonopolet AS.

## 5.4 Kontrollutval for skjenking og omsetting av alkohol

Fagutval for helse- og sosial er kontrollutval.



1. Sals- og skjenkestadene skal kontrollerast så ofte som det trengst, eller blir stilt krav om i alkoholloven eller forskrifta til denne.
  2. Av dei ambulerande sals- og skjenkeløyva bør det vere minimum 2 kontrollar årleg.
- 

## 5.5 Retningslinjer for sal og skjenking av alkohol i Sula kommune

### Søknad og tildeling

Digitalt [søknadsskjema](#) m/rettelegg ligg på kommunen sin heimeside, og omfattar både faste og ambulerand løyve.

[Alkoholloven](#) med forskrifter, samt dei til ei kvar tid gjeldande alkoholpolitiske retningslinjene for sal/skjenking, ligg til grunn for tildeling av løyve.

### Fast/alminnelig skjenkeløyve

Utover [normalbestemmelsane](#) i alkoholloven, skal følgjande skjenketider gjelde for Sula kommune:

#### For øl og vin:

Søndag - torsdag:

frå kl 11.00 den eine dagen til kl 01.00 den neste dag

Fredag og laurdag:

frå kl 11.00 den eine dagen til kl 02.00 den neste dag

#### For brennevin:

Søndag - torsdag:

frå kl 13.00 til kl 24.00

Fredag og laurdag:

frå kl 13.00 den eine dagen til kl. 02.00 den neste dag.

I romjula/nyårshelg og påska gjeld opningstider som for fredag og laurdag.

Skjenking på uteområde i tilknytning til skjenkestaden skal fysisk avgrensast/merkast, og på ein slik måte at det ikkje hindrar eller er til sjenanse for alminnelig ferdsel. Skjenking av varegruppe 3 på uteområde er ikkje tillatt, med mindre området er innebygd og med direkte adkomst frå skjenkelokalet.

### Fast /alminnelig salsløyve

Utover [normalbestemmelsane](#) i alkoholloven, er følgjande salstider gjort gjeldande for Sula kommune:

Kvardagar frå kl 08:00 til kl 20:00



SULA KOMMUNE

Dagar før søn- og helligdagar frå kl 08:00 til kl 18:00, med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag, som har opningstid som for kvardagar.

### **Gebyr**

For faste løyver skal kommunen avkreve gebyr i samsvar med satsane i alkoholloven m/forskrift.

### **Ambulerande løyve**

For ambulerande løyve gjeld dei same sals- og skjenketidene som for faste løyver.

1. Ambulerande sals- og skjenkeløyver er tidsavgrensa, og gjeld normalt for ein dag.
2. Rådmannen får fullmakt til å tildele ambulerande løyve i samsvar med retningslinjene. Rådmannen innhentar uttale frå t.d. politiet om han finn det naudsynt.
3. Melding om tildeling av løyve skal sendast skjenkekontrollør og politiet.
4. Dersom det er tvil om tildelinga, skal saka leggjast fram for fagutvalet for helse- og sosial til avgjerd.
5. Søknaden må fremjast seinast 8 dagar før arrangementet skal haldast.
6. Ambulerande salsløyve for eigenprodusert alkohol i varegruppe 1 kan bli gitt til søkjarar med godkjend statlig tilvirkingsløyve.
7. Ambulerande skjenkeløyve for eigenprodusert alkohol i varegruppe 1 og 2 kan bli gitt til søkjarar med godkjend statlig tilvirkingsløyve
8. For ambulerande løyver skal løyvehavar betale avgift til kommunen i samsvar med satsane i alkoholloven m/forskrift.
9. Ved misleghald bør løyvehavaren ikkje få nytt løyve før det er gått eitt - 1 – år.

## **6 ØKONOMISKE KONSEKVEN SAR**

Dei fleste av tiltaka som er skisserte under kap. 4 blir gjennomførte innafør tildelte budsjetttrammer.

Det utvalet som har ansvaret for gjennomføring av tiltaka i rusmiddelplanen, har også ansvar for å fremje tiltaka i samband med årsbudsjett og økonomiplan.





Kommunestyret vil ta endeleg stilling til løyvingar til rusmiddelførebyggjande tiltak i samband med årsbudsjetta i planperioden.

## VEDLEGG: LOVER OG STYRINGSdokUMENT

Dei kommunale planane er kommunen sine overordna styringsdokument, og handlingsplanen for rusmiddelarbeid må sjåast i samanheng med andre kommunale planar som overlappar temaet. Vidare må kommunen si verksemd vere i samsvar med dei lover og forskrifter som finst på området, samt nasjonale planar og strategiar. Vi har lista opp nokre av desse dokumenta under.

### \*) Kommentrar til rusmiddelkonferanse ref: 3.2:

Rusmiddelkonferanse slik den er skildra i planverket er ikkje gjennomført. Det vart avholdt ein temadag ved Sula ungdomsskule 27.08.19, og som rektor Pål Andre Holen har skildra slik:

*....»Sula Høgre hadde eit arrangement ved Sula ungdomsskule i fjor haust. Tysdag 27. august fekk elevane besøk av ekteparet Mona og Arne Bratland etter at Sula Høgre hadde leigd dei inn for å snakke om rus og det å miste nokon. Ekteparet Bratland mista i 2017 sønnen sin då han prøvde det narkotiske stoffet MDMA. Heile skulen var samla i amfiet og historia som ekteparet delte med oss gjorde sterkt inntrykk på både elevar og tilsette. I tillegg vart det også gjennomført eit folkemøte på kveldstid der det på førehand hadde blitt annonsert i ulike medier. Litt skuffande oppmøte på kvelden, eg synst å hugse at det kom omtrent 40-50 personar. Men for dei som møtte vart det ein kveld dei ikkje gløymer med det første. Eg vil presisere at dette var eit møte for alle innbyggjarane i kommuna, og ikkje berre dei føresette ved skulen»...*

Det er elles planlagt å gjennomføre ein temadag/konferanse i regi av KoRus, og formøte skal avholdast ila oktober 2020. Til dette møtet med KoRus vil ein ta sikte på at politisk nivå er representert. Folkehelsekoordinatoren tar initiativ til dette.

### **Relevante kommunale planar**

Fleire kommunale planar er relevante for det kommunale arbeidet inn mot rusmiddel. Vi nemner nokre av dei her:

- [Bustadsosial handlingaplan](#)
- [Helse- og omsorgsplan.](#)
- [Kommuneplanen sin samfunnsdel](#)
- [Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet](#)
- [Kulturplanen](#)

Dei fleste større bedrifter har også retningslinjer for tilsette sin bruk av rusmiddel, så også Sula kommune gjennom sin [AKAN-retningslinje](#).



## Folkehelse:

FOLKEHELSEPROFILEN FRÅ FHI – Legg inn kommune, evt. fylke, og få opp resultatet for 2020:

<https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/>

## Lovverk

Det kommunale rusmiddelarbeidet blir i hovudsak regulert av følgjande lovverk m/forskrifter:

- [Lov av 2. juni 1989 nr 27 om omsetting av alkoholhaldig drikk m.v.](#)
- [Lov av 01.06.2011 om kommunale helse og omsorgstjenester.](#)
- [Lov av 01.06.2011 om folkehelsearbeid. \(Folkehelseloven\)](#)
- [Lov 2009-12-18-131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen.](#)
- [Lov av 17. juli 1992 nr 100 om barneverntjenester.](#)
- [Lov 1999-07-02-62 om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern.](#)
- [Lov av 4. desember 1992 nr 132 om legemiddel.](#)
- [Lov av 2. juli 1999 nr 63 om pasient- og brukerrettigheter.](#)
- [Lov av 2. juli 1999 nr 61 om spesialisthelsetjenester.](#)

## Nasjonale styringsdokument

Viktige nasjonale styringsdokument for planen:

- [Stortingsmelding: «Se meg! Alkohol – narkotika – doping»](#)
- [Opptrappingsplanen for rusfeltet](#)
- [ROP-lidingar](#)
- [Folkehelsemeldingen](#)
- [Regjeringa sin strategi for forebyggingar](#)
- [Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk \(forebygging.no\)](#)
- [AKAN – Policy for rusmiddelbruk og spill](#)

## Referansar

Det er i planen nytta fleire kjelder som kunnskapsgrunnlag for planarbeidet. Fleire er hyperkoplade direkte inn i planteksten knytt til tema. Under følgjer eit samla oppsett over referansar og instansar informasjon er blitt henta i frå:

FHI: [Rusmidler, doping og avhengighet](#)

FHI: [Bruken av alkohol og andre rusmiddel i Noreg](#)

MOT: [Hovudsida](#)

[Forskrift om rammeplan](#) for barnehagens innhold og oppgaver  
Kunnskapsløftet og førebygging [UDF](#)

Steg for steg: [Om steg for steg](#)

Lions Quest: [Mitt valg](#)



SULA KOMMUNE

Ansvarlig Vertskap: [Opplæringshefte](#)

[BAPP-modellen](#)

Førebygging og debutalder: [forebygging.no](http://forebygging.no)

Rapport: [Eldre med skadelige rusmiddelvaner](#)